

Per Engene,
E-post: prengene@online.no

Kamala, 3. febr. 2010.

Offentleg brev til statsminister Jens Stoltenberg.

Gode statsminister Jens Stoltenberg,

Det har vore stor misnøye med arbeidet ved IPCC i mange år, ikkje minst fordi grunnlaget for arbeidet er så urealistisk.

IPCC arbeider for at UTSLEPPA av CO₂ skal reduserast kraftig for å hindre at temperaturen på jorda skal stige med meir enn to grader. Det finst ikkje bevis for at det skal gi resultat. Derimot finst det mange uavhengige bevis bygd på fleire sentrale naturlover på at UTSLEPP av CO₂ ikkje har nokon påviseleg innverknad på temperatur eller klima.

Eksperimentet som IPCC og mange nasjonar er i ferd med å gjennomføre, har verda alt gjort. Etter depresjonen i 1929 stagnerte ein stor del av næringslivet i fleire år, noko som førte til den store økonomiske krisa i 1930-åra. UTSLEPPA av CO₂ vart i perioden 1929-32 reduserte med bortimot 30 %. Etter påstandane frå IPCC skulle både CO₂-mengda i lufta og temperaturen ha gått ned. Men det skjedde ikkje! Kurvene for CO₂-innhald i lufta og temperatur først i 1930-åra viser ingen nedgang etter den kraftige reduksjonen av CO₂-utsleppa heilt i samsvar med sentrale naturlover som styrer klimaet. Tvert imot, temperaturen i desse åra fram til 1934 steig så kraftig at 1934 vart det varmaste året hittil etter Den vesle istida, faktisk litt varmare enn 1998.

Eksperimentet med redusert utslepp av CO₂ er alt gjort, ufrivillig, utan nokon verknad på verken CO₂-mengda i lufta eller temperaturen. Er det nødvendig å gjera det same eksperimentet ein gong til, utan nokon verknad, til ein kostnad for landet vårt på 4-500 milliardar kr? Desse resursane blir brukte på ein måte som skader vegetasjon og miljø, og bør kunne brukast til likare formål.

Resultatet av dette eksperimentet saman med fleire naturvitskaplege bevis er nok til å avvikle alt arbeid ved IPCC i noverande form. Og då er spørsmålet kvifor politikarane held oppe dette Sisyfos-arbeidet mot alle odds?

Eg ber om at det blir slutt med å bruke resursar til:

1. Deponering av CO₂-gass under havbotnen.
2. Utskiljing av CO₂-gass anna enn for sal til veksthus, brus- og ølproduksjon, m.m.
3. Bygging av reinseanlegg for fjerning av CO₂-gass ved kol- og gasskraftverk.
4. Bygging av vindkraftverk og biokraftverk med produksjonspris på over 100 øre per kWt. Bygg heller ut vasskraft og jordvarme til 10 øre per kWt. Jordvarme forureinar ikkje og finst der energien trengst i uendelege mengder.
5. Produksjon, kjøp, sal og innblanding av biodrivstoff i bensin og diesel, eit drivstoff som tek maten frå dei fattige i verda, - i tillegg til å øydeleggje motorane.
6. Forsking som går ut på å fjerne CO₂, og resursar til synsing om framtidig klima.
7. Ev. andre "klimavennlege" tiltak som skal redusere utslepp av CO₂ for liksom å "berge klimaet". Slik sett er alle tiltak klimanøytrale ettersom ingen tiltak kan endre klimaet.

All tildeling, omsetning og sal av CO₂-kvotar må bli avvikla snarast.

Det er viktig for meg å be om at det må bli slutt på denne sløsinga med resursar, også fossile resursar, på eit heilt feil grunnlag, nemleg at UTSLEPP av CO₂ kan endre klimaet. Dei to siste åra har me bygd opp organisasjonen Klimarealistene, som sit på den fremste ekspertisen på området med professorar i alle sentrale realfag. Etter alle skandalane ved IPCC, Climategate osv., er det vel på tide også for våre politikarar å lytte til klimarealistane? Me kan vise fram ein kunnskap som etter kvart ser ut til å vera fråverande i det meste av samfunnet.

Eg er klar over at det er pretensiøst å skrive brev til statsministeren, men hadde det ikkje vore urett av meg å la vera å leggje fram denne viktige kunnskapen for styresmaktene? Me kan dokumentere alle påstandar i dette brevet. Eg ser fram til eit godt samarbeid.

Med varme klimahelsingar

Per Engene, biolog, miljøaktivist og stiftar av organisasjonen Klimarealistene